



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
19.01.2018	5862/2018	Åge Ødegård

Saksnr	Utval	Møtedato
	Samferdselsutvalet	07.02.2018

Fv. 659 Nordøyvegen - Fråviksøknad bergoverdekkning

Bakgrunn

Statens vegvesen sine handbøker set krav til minimum 50 meter bergoverdekking i undersjøiske tunnelar, bergoverdekking mindre enn dette reknast som fråvik frå normalane.

I samanheng med utarbeidning av reguleringsplan for Nordøyvegen, vart det søkt om fråvik for bergoverdekning mindre enn 50 meter, sidan alle tre tunnelane på Nordøyvegen har bergoverdekning som er mindre enn krava.

Fråviksnemnda i Statens vegvesen Region midt tilrådde fråviket under føresetnad av at det blir gjennomført sonderboring/ kjerneboring, for å kartlegge bergkvaliteten, når bergoverdekinga er 50 meter eller mindre.

Møre og Romsdal Fylkeskommune har ingen eigne utformingsnormalar, men nyttar Statens vegvesen sine normalar for fylkesvegane. Fylkeskommunen har fråviksmynde frå krav i desse normalane.

Samferdselutvalet behandla 07.03.2017 sak (SA-16/17) om fråvik bergoverdekning i tunnelane på Nordøyvegen. Her vart det fatta vedtak om at det skal nyttast sonderboring/kjerneboring på dei strekka bergoverdekinga er mindre enn 50 meter.

Møre og Romsdal fylkeskommune si referansegruppe foreslår no å senke kravet til sonderboring/kjerneboring frå 50 meter til 40 meter bergoverdekking. Dette vil gje økonomiske innsparinger for Nordøyvegprosjektet.

Statens vegvesen si fråviksgruppe har handsama forslaget og rår til å endre krava for sonderboring/kjerneboring til å gjelde for bergoverdekning mindre enn 40 meter.

Vurdering

Bergoverdekking skal etter handbok N500 ikkje vere mindre enn 50 meter.
Slik tunnelane no er planlagd har:

Haramsfjortunnelen minste bergoverdekning på 24 meter
Nogvafjordtunnelen minste bergoverdekning 25 meter
Fjørtofttunnelen med minste bergoverdekning på 25 meter

Til samanlikning er det i Fannefjordtunnelen om lag 500 meter på ei totallengde på 2740 m, som har bergoverdekning over 50 meter. Den minste bergoverdekinga er på 22 meter.

Det er gjort grundige geologiske forundersøkingar i områda kor tunnelane på Nordøyvegen blir bygd, og kvaliteten på bergmassane er særskilt dokumentert og det er god oversikt over sonene med antatt svakheiter.

Det blir teke omsyn til bergoverdekinga i drivefasen for tunnelane. Sonerboring blir gjennomført både med kjerneboring og slaghammarboring for områda kor bergoverdekinga er mindre enn det det er gitt fråvik frå og gjennom soner som er kartlagt med seismisk hastighet 3000 m/s eller mindre. Sonerboring er å kartlegge bergkvalitet som ligg lengre fram i linja, dette gjerast med å bore ut prøver (kjerneboring) eller måle motstand i fjellet under boring (slaghammarboring).

Ved å endre fråvikskravet frå 50 meter til 40 meter er det rekna å gje ei innsparing for prosjektet på om lag 5 mill. kroner + mva.

Fråvikssøknad vart sendt frå Statens vegvesen sin prosjektorganisasjon til fråviksgruppa 12. januar 2018. Denne vart behandla 22.01.2018.

Fråviksgruppa har gått gjennom referansegruppas vurderingar og kom med presiseringar/kommentarar på desse. Fråviksgruppa har og vurdert ein del moment som vil auke tryggleiken under tunneldrivinga.
Vurderingar, presiseringar og innspel til tryggare prosjekt ligg i vedlegg.

I fråviksmøtet vart også ein del moment som vil auke tryggleiken ved tunneldrivinga diskutert:

Fråviksgruppa sin tilrådning:

Fråviksgruppa tilrår Fylkeskommunens referansegruppe sitt ønskje om å endre føresetnaden til kjerneboring som sonerboring når bergoverdekkinga er 40 m eller mindre. Dette føreset at det vert utført sonerboring med slaghammarboring langs heile strekninga (4-6 hol) samt at det vert utført sonerboring med kjerneboring gjennom svake soner med seismisk hastighet mindre enn 3000 m/s.

I tillegg er det viktig at punkta i Tabell 1 og Tabell 2 blir følgt opp for å auke tryggleiken ved tunneldrivinga.

Fylkesrådmannen tilrår Samferdselsutvalet å endre vedteke krav i SA-16/17 til å gjelde bergoverdekking mindre enn 40 meter, med dei vilkåra som fråviksgruppa har satt.

Forslag til vedtak:

Samferdselutvalet vedtek å endre krav om overdekning på 50 meter til 40 meter for Haramsfjordtunnelen, Nogvafjordtunnelen og Fjørtofttunnelen.
Vilkår for fråvik er at vilkåra til Statens vegvesen si fråviksgruppe følgast.

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådman

Arild Fuglseth
samferdselssjef

Vedlegg

1 Fv. 659 Nordøyvegen bergoverdekning revidert fråvikssøknad